

**Barnehagebesøk pynta på statistikken**

01.11.2011

**Denne tysdagen har 34 vaksne og 19 born vore innom  
TI-aren og det må karakteriserast som eit svært godt  
besøk. Særleg er det grunn til å setta to strekar under  
barnebesøket, som har ein heilt spesiell og positiv årsak.**

Årsaken er at den kommunale barnehagen frå Sunde var på besøk  
til Uskedalen og var innom både kafeen og Dørhaug  
Gardsbarnehage - i omvendt rekkefølge.

Sundegruppa hadde 7 born og 3 vaksne og grunnen til at  
dei kom til oss var at ein av ungane ved gardsbarnehagen  
har komie frå Sunde til Uskedalen.